

Møteinnkalling

Utval:	Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad:	Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset
Dato:	30.03.2017
Tid:	09:30

Program

- Kl 09:30 – 10:00 Orientering frå seksjon for plan v/plansjef Marit Rødseth
- Kl 10:00 – 12:00 Saksbehandling
- Kl 12:00 – 12:30 Lunsj
- Kl 12:30 – Saksbehandling inntil kl 14:30

Til dette møte har Synnøve Solbakken meldt forfall. Tore Svendsen stiller som vara.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Kåre Ystanes
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 6/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 7/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 8/17	Godkjenning av sakliste		
PS 9/17	Referatsak (meldingar)		
RS 7/17	Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Fonna den 25.01.2017.	2017/2682	
RS 8/17	Orientering om status for sak RS 4/2017, om fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse	2017/2682	
PS 10/17	Transportordninga for funksjonshemma, TT-kort - forslag til brev til samferdselsavdelinga	2017/2682	
PS 11/17	Temaplan "Likeverd i Hordaland fylkeskommune"	2017/2682	
PS 12/17	Regional transportplan Hordaland 2018-2029, intern høyring av planforslag	2017/2682	
PS 13/17	Årsmelding 2016 for Fylkeseldrerådet	2017/2682	
PS 14/17	Ymse		

PS 6/17 Godkjenning av møteinnkalling

PS 7/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 8/17 Godkjenning av sakliste

PS 9/17 Referatsak (meldingar)



Notat

Dato: 16.03.2017
Arkivsak: 2017/2682-2
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Fonna den 25.01.2017.

Fylkeseldrerådet har motteke kopi av referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Fonna. Referatet er sendt av representanten Synnøve Solbakken som er medlem av Brukarutvalet i Helse Fonna.

Referatet er vedlagt saka til orientering.

Referat frå møte i Brukerutvalet

Tid:

Onsdag 25.01.2017

Sted:

Haugesund sjukehus

Tilstede:

Fra Brukerutvalget:

Laila Stensletten, Janniche Kristengård, Kjell Inge Bringedal , Janne-Elin Kvalheim Thronsen og Synnøve Solbakken

Meldt fråfall:

Trond Thomasgård
Einar Schibeavaag
Hilde Lande Eikeland

Ikke møtt:

Berit Askevold Eriksen

Vara representant:


Helse Fonna:

Gro Røine
Kari Ugland

Referent:

Gro Røine

Saksnr.	Sak
1/2017	<p>Nye medlemmer ønsket velkommen av samhandlingssjefen med påfølgende presentasjonsrunde. Vedtaket av valg av leder ble foreslått flyttet til neste punkt på agendaen slik at utvalget har en konstituert leder som kan lede møtet og er formelt beslutningsdyktig.</p> <p>Kommentar til fremmøte : 5 fremmøtte er lite, det er ønskelig at representantene deltar i størst mulig grad på fremtidige møter for å sikre bred brukermedvirkning.</p> <p>Vedtak: deltakelsen på dagens møte er tilstrekkelig til å være beslutningdyktig.</p>
3/2017	<p>Konstituering av leder og nestleder:</p> <p>Laila Stensletten ble valgt til ny leder. Laila er oppnevnt til brukerutvalget av FFO Hordaland - Astma og allergiforeningen og har i forrige periode, 2015 og 2016 vært nestleder i brukerutvalget Janne-Elin Kvalheim er ny nestleder. Janne-Elin er oppnevnt til brukerutvalget av Kreftforeningen - Brystkreftforeningen og var i forrige periode, 2015 og 2016 vararepresentant i brukerutvalget</p>
2/2017	<p>Godkjenning av referat og innkalling</p>

	<p>Innkalling og referat ble godkjent.</p> <p>Sak om brukerutvalgets høringsuttalelse til strategiplanen for Odda sykehus ble føyd til listen på grunn av høringsfristen som utløper 21.2.17</p> <p>saksnummer 08/2017</p>
4/2017	<p>Presentasjon av Helseforetaket og Kvinneslandutvalget sin rapport ved administrerende direktør Olav Klausen</p> <p>Klausen: 95% av regionens befolkning får behandling innen regionen. Det regionale helseforetaket er derfor godt rigget til å ivareta befolkningen. Ved å selv ha styring med penger og budsjetter har det vært mulig for helseforetaket å gjøre nyinvesteringer i blant annet nybygg. Tidsfrister overholdes. Ambulansebåten til Kvinnherad er sikret fortsatt drift. På spørsmål om det er pasientlekkasje ut av helse fonna ble det opplyst at de fleste behandles i sitt nærområde , men at Hardangerkommunene har tradisjon for å reise til Bergen og Voss; ca 55-50 % av innbyggerne i Ullensvang og Jondal gjør dette.</p> <p>Det ble pekt på fremtidssenario med fergefri vei og to timers kjøring fra Bergen til Stavanger og hva dette innebærer for helsevesenet i fremtiden.</p> <p>Vedtak: Brukerutvalget støtter styrets forslag. Leder skriver et utkast.</p>
05/2017	<p>Årleg melding: utarbeiding av satsingsområde for brukerutvalget 2017.</p> <p>På grunn av lavt oppmøte ble det besluttet å utsette behandling av denne saken til senere.</p>
06/2017	<p>Forslag til møteplan:</p> <p>Møter i brukerutvalget bør holdes innen maksimum 7 dager før styremøter slik at Brukerrepresentanten i styret har eventuelle synspunkter fra utvalget med seg dit.</p> <p>SU koordinator sender ut oversikt over møter våren 2017 satt opp i forhold til styremøter. Møtet i mars vil avvikles i Bergen i kombinasjon med opplæring av brukerrepresentanter i Helse vest. Forslag om eventuelle datoer kommer via en doodle-link.</p>
07/2017	<p>Informasjon om Helse Fonna, organisering og brukermedvirkning</p> <p>På grunn av lavt oppmøte ble dette utsatt til et senere møte.</p>
08/2017	<p>Odda sykehus : Høringsuttalelse fra bruker utvalget</p> <p></p> <p>uttale vedr. odda sjukehus.docx</p> <p>Vedlegg med uttalelse var sendt ut i forkant møte.</p> <p>Leder BU bemerket at brukermedvirkningen i forkant av beslutningen i liten grad har vært ivaretatt. Brukerrepresentanten frå Kvinneherad var opptatt av at Odda sjukehus av og til er lokalsykehus også for kvinnheringer dersom vær</p>

	<p>forhindrer båt og helikopter og at utgangspunktet for brukerutvalget må være å fremme interessene til brukerne i regionen.</p> <p>Vedtak: Laila stensletten skriver et utkast med? og sender denne ut til gjennomsyn og ber om innspill..</p>
09/2017	<p>Eventuelt</p> <p>Sekretær informerte:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Reiseregning med dato og oversikt over deltakelse på møter og utgifter til reise, sendes sekretær i etterkant av møtet. Mal med eksempel på rett utfylling vil bli sendt representantene. • Lønnslipp. Ønske om dette. Sekretær sender forespørsel lønn. • Prosjektnummer 48145 må føres på reiseregningen • Kurs i helsepedagogikk. Informasjon er sendt tidligere. Påmelding skjer direkte til kursansvarlig. <ol style="list-style-type: none"> 1. Brukermedvirkning i prosjekt: Det ble fremma forslag om at brukers stemme synliggjøres i referatene til prosjektutvalg de deltar i som : <u>«brukeren sitt synspunkt er...»</u> Sekretær tar saken videre til FOUSAM. 2. Takstøkning parkering Haugesund sykehus: BU har ikke fått anledning til å uttale seg om denne saken i forkant av vedtak slik som tanken bak brukermedvirkning er. Det ble foreslått at Haugesund sjukehus ser på muligheten for innføring av bom som ved Haukeland og Stavanger. Vedtak: Leder sender en formell klage til styret for manglende brukermedvirkning. 3. Toalettforhold ved kirurgisk avdeling Stord sykehus: En pasient ved sykehuset har rettet en klage på forholdene til brukerrepresentant i utvalget. Det er ikke mulig å ha rullestol og personløfter inne på badet samtidig. Forslag: brukerutvalget ber om å ha møte ved stord sykehus, ønsker i den forbindelse og få omvisning på nevnte toalett.



Notat

Dato: 16.03.2017
Arkivsak: 2017/2682-8
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om status for sak RS 4/2017, om fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse

Leiar vil gjere greie for status i saka i møte den 30.03.17.



Arkivnr: 2017/2682-4
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	10/17	30.03.2017

Transportordninga for funksjonshemma, TT-kort - forslag til brev til samferdselsavdelinga

Samandrag

Ein representant frå Samferdselsavdelinga orienterte den 02.02.2017 i møte i Fylkeseldrerådet om mellom anna retningslinjene for TT-ordninga.

Fylkeseldrerådet vil arbeida for at punkt 12 i «Retningslinjene for transportordninga for funksjonshemma i Hordaland» (TT-kort) vert endra, slik at brukarar som er løyvt TT-kort ikkje misser dette, sjølv om dei vert innlagde på institusjon.

Fylkeseldrerådet har utarbeid eit brev til Samferdselsavdelinga angående dette.

Brevet er vedlagt saka

Forslag til vedtak

1. Fylkeseldrerådet godkjenner forslag til brev til Samferdselsavdelinga om TT-kortet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Forslag til brev til Samferdselsavdelinga i HFK

TT-kort til bebuarar i institusjon

Fylkeseldrerådet syner til orientering i rådet sitt møte den andre februar i år om ordninga med TT-kort i HFK. Orienteringa, vart gitt av Rolf Rosenlund frå Samferdselsavdelinga. Rosenlund understreka mellom anna at kortet blir gitt etter søknad og nøye vurdering av i kor stor grad søkjaren kan nytta kollektive transportmiddel, og at kortet er meint til fritidsreiser, ikkje til legebesøk og anna som har med helsa å gjera.

Fylkeseldrerådet har merka seg at det i punkt 12 i "Retningslinjer for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland" (TT-kort) vert gjort forskjell mellom innehavarar av TT-kort når dei er bebuarar i ein institusjon. Punkt 12 lyder: "Personar med fast plass i institusjon vert berre godkjend som brukar dersom dei er avhengig av rullestol eller er blind/sterkt svaksynt."

I møtet fekk rådet bekrefte at formuleringa vil seia at ein person som har TT-kort når vedkommande vert fast bebuar på institusjon, og som ikkje er rullestolsbrukar eller blind/ svaksynt, misser retten til TT-kort.

Denne praksisen meiner rådet er både aktivitetshemjande og diskriminerande overfor desse, som då, frå ein dag til annan misser ein rett dei tidlegare har hatt og som dei har fått etter nøye vurdering. Rådet meiner vidare at denne praksisen særleg rammar eldre som vert bebuarar på institusjon, til dømes på ein sjukeheim.

Rådet ber difor om at punkt 12 vert endra slik at eldre som vert bebuarar på institusjon, og som har TT-kort når dei flyttar inn, ikkje automatisk misser dette.

Grunngiving

Institusjonens oppgåve er å ta hand om deg fordi du ikkje lenger kan klara deg i heimen. Men dét, at du ikkje kan klara deg i heimen, betyr ikkje at du ikkje har behov for å treffa vener og familie, og dei deg, utanom "dei fire veggane", eller å vera med på ymse aktivitetar utanom institusjonen. Særleg dei første åra vil desse behova vera slik dei var før flyttinga til institusjon. Slik praksisen med TT-kort er no, vil det vera slik at dersom du sit i rullestol eller er blind/svaksynt når du vert bebuarar på ein institusjon, så kan du framleis nytta TT-kortet til fritidsaktivitet og sosial omgang. Men dersom du ikkje kjem i denne gruppa, så misser du kortet og vert avhengig av velvilje frå nettverket ditt eller institusjonen du bur på for å delta sosialt utanfor institusjonen, og du må sjølv fullt ut betala transportkostnadene til og frå.

Kostnader

Rådet er merksam på at endring av punkt 12 i retningslinjene slik rådet ynskjer, kan medføra noko større utgifter enn før, og dermed kan føra til at færre kan få TT-kort. Rådet meiner likevel at auken ikkje kan vera større enn at ei endring let seg forsvare, særleg når reglane også er slik at dei som er over 80 år får automatisk fornying utan ny vurdering av behov.

Konklusjon

Fylkeseldrerådet oppmodar Samferdselsavdelinga i HFK til å endra ordlyden i punkt 12 i "Retningslinjer for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland" (TT-kort) slik at (eldre) personar som allereie har TT-kort ikkje misser kortet når dei får fast plass i institusjon.

For fylkeseldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes

Leiar



Arkivnr: 2017/2682-6

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Uttal	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	11/17	30.03.2017

Temaplan "Likeverd i Hordaland fylkeskommune"

Samandrag

Temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» er ein overordna plan som skal gje retning for tilsette og tenesteyting i Hordaland fylkeskommune.

Det vert i planen føreslått fire hovudmål med underliggende strategiar, som omfattar hovudutfordringar i planen.

Dei fire hovudmåla er:

- Hordaland fylkeskommune skal ha eit likeverdsperspektiv i all tenesteyting.
- Hordaland fylkeskommune skal lege til rette for fleire gode levevilkår for alle.
- Hordaland fylkeskommune skal ha nulltoleranse for mobbing.
- I Hordaland fylkeskommune skal alle bli møtte med respekt, og mangfald blir sett på som ein ressurs.

Fylkesutvalet vedtok 23. februar 2017 høyringsutkast til temaplanen. Planen er no sendt ut til høyring. Høyringsfristen er **7. april 2017**.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vil sende ein høyringsuttale til temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune».

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Her er ei lenke til høyringa:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/politikk/du-kan-paverke/hoyring---temaplan-likeverd-i-hordaland-fylkeskommune/>.



Arkivnr: 2017/2682-7

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	12/17	30.03.2017

Regional transportplan Hordaland 2018-2029, intern høyring av planforslag

Samandrag

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 er nå ute på høring.

Planforslaget blir med dette sendt på intern høring til relevante avdelinger i fylkeskommunen. Det er oppretta en egen høringsside for arbeidet hvor blant annet planforslaget er tilgjengelig; www.hordaland.no/transportplan.

Den offisielle høringsfristen er **7. april 2017**. Planen skal behandlast i fylkestinget i juni 2017.

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 er ei rullering av Regional transportplan Hordaland 2013-2024 og er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland. Planen inneheld mål til alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar, overordna prioriteringar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vil gje ein høyringsuttale til Regional transportplan 2018-2029, planforslaget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2017/2682-5

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	13/17	30.03.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

Årsmelding 2016 for Fylkeseldrerådet

Samandrag

Fylkeseldrerådet skal kvart år legge fram årsmelding for fylkestinget innan 1. juli. Dette går fram av reglementet for fylkeseldrerådet punkt 2. Arbeidsutvalet for fylkeseldrerådet har utarbeid ein tekst til årsmeldinga for 2016.

Fylkeseldrerådet skal som regionalpolitisk pådrivar innan sitt ansvarsområde arbeide med overordna politikkkutforming for eldre i Hordaland.

Rådet har sju oppnemnde medlemmer av fylkestinget. Eit medlem med varamedlem vert vald mellom medlemmene i utval for miljø og samferdsel og eit medlem med varamedlem mellom medlemmene i utval for opplæring og helse. Fem medlemmer vert valde eter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeningar. Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden. Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

I årsmeldinga for 2016 har ein gitt ei orientering om arbeidet og oppgåvene til rådet for 2016. Det vert mellom anna gjeve ein oversikt over saker som fylkeseldrerådet spesielt har jobba med, deltaking i ulike prosjekt og ein oversikt over høringar der rådet har uttala seg.

Årsmeldinga vil få ein annan layout før den skal handsamast i fylkesutvalet og i fylkestinget.

Forslag til innstilling

Årsmeldinga 2016 for fylkeseldrerådet vert vedteke slik den ligg føre.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

1. Vedlegg: Årsmelding 2016 for fylkeseldrerådet.

Årsmelding 2016

Hordaland fylkeseldreråd

Innleiing

Innføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar vart lovpålagt frå 1. januar 1992. Det har gitt eldre personar auka medråderett i saker som vedkjem dei. Dette er i samsvar med FN sine prinsipp som vart vedtekne av FN i 1991. Følgjande punkt er tekne med under hovudområde deltaking:

”Eldre skal vera integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd, og dele sine kunnskapar, sin dugleik og sine erfaringar med yngre generasjonar.”

Eldreråda er viktige talerør i denne samanhengen.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgivande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunale verksemder når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Rådet kan også sjølv ta opp saker.

Fylkeseldrerådet samarbeider og har kontakt med dei 33 kommunale eldreråda i Hordaland og med Statens seniorråd som vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 19. april 2002.

Eldrerådet si funksjonstid er fire år og følgjer fylkestingsperioden. Nytt eldreråd vart oppnemnd etter fylkestingsvalet i september 2015.

Saksdokument og møteprotokollar frå rådsmøta i fylkeseldrerådet er tilgjengelege på fylkeskommunen sin nettportal (<http://www.HFK.no>) til liks med politiske organ i fylkeskommunen.

Samansetjing av fylkeseldrerådet (FYEL)

Rådet har sju representantar med personlege vararepresentantar. To representantar er politisk oppnemnde og fem er valde etter forslag frå pensjonistforeiningar i fylket.

For valperioden 2015 – 2019:

Kåre Ystanes	leiar	Vara: Gunvor Opedal
Gunda Falao Sparre	nestleiar	Vara: Svein Njåstad
Martin Monrad Reigstad	medlem	Vara: Eli Nordstad
Inger M. Lingjerde	medlem	Vara: Kari Solberg
Odd Himle	medlem	Vara: Egil Haaland

Politisk valde representantar:

Synnøve Solbakken	medlem	Vara: Tore Svendsen m.fl.
Inger Sjong	medlem	Vara: Silje Hjemdal

Sekretariat:

Fylkeseldrerådet (FYEL) har hatt møtesekretær/ sakshandsamar/ rådgjevar som administrativt er knytt til organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen. Arild Sondre Sekse har hatt sekretærfunksjonen i 2016.

Arbeidsutval:

Kåre Ystanes (leiar), Gunda Falao Sparre (nestleiar) og Arild Sondre Sekse (sekretær for utvalet) har fungert som arbeidsutval for fylkeseldrerådet i 2016.

Budsjett:

Budsjett- og rekneskapsansvar for rådet er lagt til økonomiavdelinga. Fylkeseldrerådet hadde i 2016 til disposisjon eit budsjett på kr. 400.000- Budsjettet vart nytta til rådet sine møte, den årlige konferansen i regi av FYEL i HFK for dei kommunale eldreråda i Hordaland, deltaking på konferansar/seminar, Vestlandssamarbeidet mellom fylkeseldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland og den årlege landskonferansen for fylkeseldreråd.

REPRESENTAR I BRUKARUTVALA for helseføretaka i Hordaland 2017-2019:

Helse Vest	Sogn og Fjordane fylkeseldreråd (vara: Inger Sjong)
Haukeland Universitetssjukehus: Reigstad)	Inger Lingjerde (vara: Monrad)
Haraldsplass diakonale sjukehus:	Gunda Falao Sparre, (vara: Odd Himle)
Helse Fonna:	Synnøve Solbakken (vara: Rogaland fylkeseldreråd)

DELTAING PÅ KURS, KONFERANSAR OG SAMLINGAR/SEMINAR:

Kurs

Dei nye medlemmene i Hordaland fylkeseldreråd har deltatt i opplæringskurset "Eldreråd i arbeid" i regi av Fagakademiet.

Konferansar

- 1. Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland** (1-2 nov. 2016 i Bergen) i regi av Fylkeseldrerådet i Hordaland

Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerer kvart år ein to dagars konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Konferansen i 2016 gjekk føre seg på Scandic Ørnen Hotell i Bergen sentrum.

Konferansen vart opna av leiar Kåre Ystanes. Bergen Seniorkor song ved opninga, og Fylkesvaraordførar Pål Kårbø helste deltakarane frå fylkeskommunen. Kulturinnslag ved middagen om kvelden var ved Anlaug Børsheim og Rannveig Djønne.

Program for konferansen:

Dag 1:

- Kommunereforma og samanslåing av fylka v/ fylkesmann Lars Sponheim: "Kva har vi i vente?"
- Helge Bergslien frå Mathuset i Stavanger: "Kva har god mat til pleietrengjande eldre å seia for livskvaliteten?"

- Astrid Nyeng frå Nasjonalt velferdsteknologiprogram/ Direktoratet for e-helse: "Kva for effekt får vi av velferdsteknologi i Noreg? Status for nasjonale planar og strategiar."
- Arild Birkenes frå Fylkeseldrerådet i Vest-Agder: "Lyttevennprosjektet: Om å bygge bru mellom barn og eldre."

Dag 2:

Dagen vart opna med allsong under leiing av Arild Sondre Sekse.

- Tor Engevik, leiar i Norsk Sjukepleiarforbund si faggruppe i geriatri og demens og Unni Olsen frå Seniorgruppa i Bergen Styrkeløftklubb: "Aktive eldre" – eit prosjekt for ein aktiv og levande alderdom."
- Kari Østerud frå Senter for seniorforskning: "Utan dei eldre stoppar Noreg: Om eldre i arbeidsliv og som samfunnsressurs."
- Gruppearbeid over tema: "Utan eldre stoppar samfunnet."
- Drøfting i plenum
- Avrunding og oppsummering:

Føredraga:

Eit samfunn i endring:

Det gjekk som ein raud tråd gjennom alle føredraga, men særskilt i innlegga frå Fylkesmann Lars Sponheim og Fylkesvaraordførar Pål Kårbø, at vi lever i eit samfunn i endring:

1. *Demografisk* ved at vi får høvesvis fleire eldre, og dei eldre blir gamle!
2. *Økonomisk* ved at det er slutt på dei feite åra; vi må få meir ut av dei ressursane vi alt har.
3. *Geografisk* ved at landet skal omorganiseras: vi skal få større geografiske einingar:
 - Regionar med færre og større fylke
 - Færre og større kommunar

Utfordringar:

Føredragshaldarane var alle, kvar på sitt vis og frå sine ulike ståstader, inne på kva for utfordringar vi vil møte i den nye situasjonen:

1. Korleis skal kommunane kunne oppfylle innbyggjarane sine rettar og omsorgsbehov når det blir ubalanse mellom talet på eldre og gamle i høve til talet på yrkesaktive?
2. Korleis skal vi møte ein situasjon der
 - a) fleire eldre må bu heime fordi det er for få institusjonsplassar,
 - b) og også at mange eldre vil ønskja å bu heime og klara seg sjølve så lenge det i det heile let seg gjera
3. Korleis skal vi hindra inaktivitet blant dei eldre når vi veit at aktivitet er godt for helsa?
4. Korleis kan vi få fram, og nytta, at dei eldre ikkje berre er utfordringar, men også ein ressurs?

Oppmoding og råd til elderåda frå Fylkesmann Lars Sponheim: De må arbeida spesielt med dei demografiske og økonomiske utfordringane!

Kva blir det arbeidt med?

1. *Astrid Nyengen* frå Nasjonalt velferdsteknologiprogram/ Direktoratet for e-helse.. Direktoratet følger opp det nasjonale programmet for *velferdsteknologi*, som fleire kommunar har vore og er deltakarar i. Programmet går ut på å bruka teknologi som middel til å gi betre tenester til brukarane og nå over fleire. Nokre prøvekommunar skal no gå over frå å vera prøvekommune til å bli "full skala kommune", dvs at dei skal ta i bruk den nye teknologien som generelt tilbod i sin kommune. Astrid Nyengen understreka at teknologien ikkje skal vera erstatning for "dei varme hendene", men supplement. Ho ønskte at fleire kommunar måtte komme med i utprøvinga.
2. *Helge Bergslien* frå Matens Hus i Stavanger arbeider med *kosthald for eldre*, og meinte at det må ei nytenking til når det gjeld kosthald for eldre:
 - a) matprodusentane må tenkja nytt: dei må laga sunn mat i enkeltporsjonar

- b) meir fokus på at maten har mykje å seia for helsa, også for dei eldre
 - c) meir fokus på kva slags mat som blir servert i institusjonane, og korleis den blir servert
 - d) meir fokus på kva riktig mat har å seia for å halde kroppen ved like
3. *Tor Engevik* frå Sjukepleiarforbundet si faggruppe i geriatri og demens understreka at det aldri er for seint å leggja til rette for *aktivitetar for eldre*, og fortalte om eit prosjekt han er leiari for på ein sjukeheim i Bergen. Han og medhjelparen, *Unni Olsen* (over pensjonsalder), viste ulike øvingar ein enkelt kan gjøra heime, og fekk med seg fleire av tilhørarane i ei kombinert demonstrasjons- og treningsøkt.

Eldre som ressurs:

1. *Arild Birkenes; Fylkeseldrerådet i Vest-Agder* fortalte om tiltaket "Lytteven", som Fylkeseldrerådet i Vest-Agder hadde tatt initiativet til og fått stønad til å gå i gang med. Lyttevenprosjektet går ut på at eldre som er ute av yrkeslivet, blir støttespelarar i småskulen sitt arbeid med lesing og leseforståing. Dei eldre som er med i prosjektet, kjem etter avtale til samarbeidsskular og har individuell tid med enkeltelevar der dei lyttar til lesinga deira, snakkar om det eleven har lest, og pratar med elevane. Tilbodet er blitt svært populært, både hos elevane og på skulane.
2. *Kari Østerud; Senter for seniorforskning*. Ho innleia med å slå fast at det er mange fleire i arbeid i dag enn i 2010. Dette heng mellom anna saman med at betre helse blant dei eldre gjør at fleire kan jobba lengre. Eldre blir i dag definert som 58+ medan eldre i 2003 var definert til dei over 55. Ho slo også fast at forskning viser at alder er eit elendig kriterium for å vurdere folk sin kapasitet, og at det går føre seg mykje aldersdiskriminering når det gjeld eldre og arbeid.

Ho avslutta med å slå fast at synet på eldre må endrast, og at både NAV, det offentlege (kommunar og fylkeskommunar bl.a.) og det private næringslivet må bli utfordra på eldrepolitikken sin, og oppfordra tilhørarane til å sjå på korleis eldrepolitikken vart driven i deira kommune.

Gruppearbeid:

Samlinga vart andre dagen avslutta med gruppearbeid der tema for alle gruppene var påstanden "Utan eldre stoppar samfunnet". Gruppene vart også bedne om å lista opp tre område som dei ønskte at fylkeseldrerådet skulle arbeida med. Dei mest nemnde områda var: det må vera same ordningar for tannhelsetilbod som for andre helsetilbod, ordninga med hørselslege må innførast igjen, undersøkje med kommunane om korleis det står til med seniorpolitikken, arbeida for at aktivitets- og kulturtilbod i kommunane vert oppretta/ ikkje reduserte

Konferansen fekk svært gode tilbakemeldingar både munnleg og gjennom skriftleg evaluering.

2. **Vestlandskonferansen 2016** (26 -27 april 2016 på Sola) i regi av Fylkeseldrerådet i Rogaland.

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland har gjennom fleire år hatt eit regionalt samarbeid ved at dei har skifta på å vera vertskap for ein felles konferanse eller ein studietur. I 2016 var det Rogaland sin tur til å vera vertskap for konferansen, som vart halden i Stavanger.

Sven Hove, leiari for eldrerådet i Rogaland opna konferansen.

Dag 1:

- Fagleg samling med saksprøvar på Måltidens Hus og med orienteringar ved Helge Bergslien frå Måltidens Hus og forskningsjukepleiar Christina Tølbøl Frøiland.

- Praktisk informasjon frå eldreråda og utveksling av erfaringar.

Dag 2:

- Finn Olav Mjærum, regional programleiar, Helse Vest: "Alle møter"
- Samferdselsavdelinga i Rogaland Fylke om "Nytt takstsystem på buss og båt i Rogaland fylkeskommune" og "Informasjon om TTordning"

3. Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd (Lillehammer 30/5 – 1/6-2016)

Det vert årleg skipa til ein landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd. Eit av fylkeseldreråda i landet tek på seg arrangementet. I 2016 fann denne konferansen stad på Lillehammer hotell på Lillehammer.

Dag 1:

- Ingvill Fjellstad Bø, leiar, helste velkomen, og Fylkesordførar Even Aleksander Hagen helste forsamlinga.
- Gunnar Tore Stenseng, leiar for Oppland fylke sitt trafikksikkerhetsutvalg ynskte velkomen til føredrag om "Trafikksikkerhet" ved representantar frå Trygg Trafikk og Statens Vegvesen.

Dag 2:

- Livsfilosofi ved Inge Eidsvåg
- "Aktuelt frå Statens Seniorråd" ved leiar Wenche Frogn Sælleg
- Innleiing før paneldebatt ved Harald Olimb Norman frå Pensjonistforbundet og Statens Seniorråd ved Wenche Frogn Sælleg om "Hvor står eldrerådene i forhold til pensjonistforbundet, deres funksjon samt grense/ rolle avklaring"
- Debatt om skolering av lovpålagde organ.
- Fylkenes 5 minutter
- Frode Veian, tidligere kommunelege: "Eldre og helsevesenet. Virker samhandlingsreformen etter sin hensikt?"
- Pasient- og brukerombudet: "Bakgrunnen for og hensikten med ombudet. Har de sett endringer etter at reformen ble gjennomført? Hvor mange saker har de fra eldre? Hva slags henvendelser får de?"
- Ane Bjørnsgaard, folkehelsekoordinator: "Eldre og folkehelse."
- Omvisning på Sigrid Undsets hjem "Bjerkebæk"
-

Dag 3:

- Veien videre: Framtidige landskonferanser – diskusjon og forslag til retningslinjer
- Fylkenes 5 minutter fortsetter
- Orientering om ordningen med "Den kulturelle spaserstokken."
- Oppsummering

Samlingar/seminar:

Enkeltmedlemer i Fylkeseldrerådet har vore til stades på følgjande samlingar /eksterne møte:

- Fylkestinget si felles samråd om utvikling av Hordaland under fylkestinget mars 2016
- Møte om HFK sin handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering, mai 2016
- HiB konferanse om omsorgsteknologi, mai 2016
- Opplæringsavdelinga si innspelsamling om HFK sin skulebruksplan, august 2016

DELTAKING I PROSJEKT

I fylkeseldrerådet sitt møte den 14 april fekk rådet førespurnad frå Samferdsleavdelinga om å delta i eit prosjekt om universell utforming i regi av Trafikkøkonomisk Institutt (TØI). Rådet var positiv til førespurnaden, og i eit seinare møte vart Anne Karin Davidsen og Arne Trædal oppnemnde som respondentar på vegne av gruppa eldre brukarar. Prosjektet skal oppsummerast i ein rapport, som ikkje låg føre ved utgangen av 2016.

MØTE OG SAKSOMRÅDE 2016

Fylkeseldrerådet har i 2016 hatt 6 rådsmøte og handsama saker. Rådet har gjeve uttale til høyringsframlegg. Arbeidsutvalet (AU) har hatt 6 møte inklusiv eit telefonmøte. I 2017 vil møta i AU bli haldne som telefonmøte for å spara reiseutgifter.

Saker som det har blitt arbeidd spesielt med:

- Handlingsplan for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2015-2019
- Skyss sin nye praksis med å ikkje leggja ut trykte ruteplanar i bussane.
- Kollektivtrafikken; buss, båt og bane, og tilrettelegging for korrespondanse mellom buss- og båtruter og tilrettelegging for eldre trafikantar.
- Den kulturelle spaserstokken med eigen høyringsuttale og innspel i fylkestinget desember 2016.
- Klinikkkstrukturen i Folkehelseplanen med eigen uttale.
- Folkehelseplanen i Hordaland
- Informasjon om dei ulike saksfelte fylkeskommunen arbeider med ved at sakshandsamarar frå ulike avdelingar har halde orienteringar i fylkeseldrerådet.
- Uttalar frå fylkeseldrerådet til Nasjonal Transportplan, Den kulturelle spaserstokken, Tannhelseplanen, (sjå nedanfor under oversikt over uttalar for ordlyden)

Rådsmøte:

18.02.2016: Seniorrådgivar Marit Rødseth frå planavdelinga gjorde greie for arbeidet med ny regional planstrategi. – Planlegging av konferanse for kommunale eldreråd i Hordaland. – Elektronisk sakshandsaming i fylkeseldrerådet – Førespurnad frå samferdsleavdelinga om å delta i prosjekt i regi av Trafikkøkonomisk Institutt (TØI) om universell utforming.

14.04.2016: Uttale til "Høyring om eit felles råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med nedsett funksjonsevne." Oppnemning av personar til å vera respondentar i TØI sitt prosjekt om universell utforming. Vidare arbeid med konferansen for kommunale eldreråd i Hordaland.

08.06.2016: Vedtak av høyringsuttale til Nasjonal Transportplan 2018-2029 (sjå nedanfor under oversikt over uttalar frå fylkeseldrerådet). Orientering frå fylkesrådmann Rune Haugsdal om status i prosessen vedrørende regionsreforma, arbeidet med HFK sin verksemdsstrategi og om arbeid med regional planstrategi. – Orientering frå omsorgsteknologikonferansen til HiB 20.05.16 og frå møte 20.05.16 om HFK sin handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering i Hordaland Fylkeskommune. Vedtak om å krevja at denne planen vert lagt ut til høyring før den vert vedteken.

22.09.2016: Val av nye representantar til brukarutvala i helseføretaka. - Orientering frå møte med Skyss om at det vil bli utarbeidd infobrosjyre om korleis trafikantane kan få greie på rutetidene til dei ulike bussrutene i Hordaland. – Orientering frå møte om skolebruksplanen i Hordaland og frå møte for eldreråd i Hordaland. – Vidare arbeid med handlingsplan for fylkeseldrerådet og planlegging av eldrerådskonferansen i november.

10.11.2016: Årsmelding for fylkeseldrerådet 2015 godkjent.

Rådgivar Signe Eikeland frå fagopplæringsseksjonen i Opplæringsavdelinga orienterte om "Fagopplæring i Hordaland relatert til eldre."
Spesialrådgjevar Marte Hagen Eriksrud frå Transportplanseksjonen i Samferdselsavdelinga orienterte om arbeidet med Regional Transportplan 2018-2029.
Pasient og brukarombod, Rune Skjelaaen, orienterte om arbeidsområdet til ombodet.
Evaluering av eldrerådskonferansen som vart avvikla i november.

08.12.2016: Før møtet denne dagen fekk leiar og nestleiar høve til å presentera for Fylkesutvalet kva saker

Fylkeseldrerådet arbeider med, og då særleg handlingsplanen. -
Uttale om "Den kulturelle spaserstokken" vart vedteken. (Sjå nedanfor under oversikt over uttalar frå fylkeseldrerådet.) - Økonomisk oversikt. - Andre utkast til Handlingsplan for fylkeseldrerådet. - Orientering om landskonferansen for fylkeseldreråd 2017 og vedtak om å vera representert på konferansen.

HØYRINGSUTTALE I SAKER

Fylkeseldrerådet har i 2016 gjeve uttale i følgjande saker:

1. Høyring om eit felles råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 14.04.2016 følgjande uttale:

Fylkeseldrerådet meiner at eldre sin rett til medverknad i samfunnet står sterkest når det er formulert i ei eiga lov.

2. Nasjonal Transportplan 2018-2029.

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 08.06.2016 følgjande uttale:

1. Fylkeseldrerådet i Hordaland vil særleg framheva kapitlet "Universell utforming" (kapitel 10) som ein viktig del av Nasjonal Transportplan 2018-2029 (NTP) sett frå fylkeseldrerådet sin synsstad.

Fylkeseldrerådet støttar NTP si vektlegging av arbeidet med universell utforming slik det kjem til uttrykk i dette kapitlet.

2. Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at å gjera det lettare å nytta kollektiv transport som buss, og jarnbane, men også fly, har mykje å seia for i kva grad folk kan og vil nytta kollektive transportmidlar.

3. Fylkeseldrerådet i Hordaland vil understreka at god, trygg og enkel tilgjenge til transportmidlar, er til føremøn for alle, ikkje berre for eldre og rørslehemma. Rådet vil særleg nemna desse tiltaka som viktige: Låge trinn i flukt med plattform på buss og tog, og heis i jarnbanestasjonar med fleire nivå for tilkomst til plattformene. På flyplassar må det leggjast til rette for tilførsel utan trapper til flya, og der det er lange avstandar for å nå terminalane, må det installerast rulleband.

4. Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til formuleringa i NTP sitt kapitel 10 om at "trafikkantane [har] behov for god informasjon om reisen og enklere billettering med universelt utformede billettautomater" og "trygghet og sikkerhet på reisen." Vidare meiner fylkeseldrerådet at honnørbillettordninga må oppretthaldast.

5. Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner dessutan at det må byggjast gangveggar og sykkelveggar langs hovudvegane samstundes som hovudvegane blir bygde. No som fleire og fleire eldre og yngre tek i bruk elektriske rullestolar og elektriske sykklar, er det viktig at vegsystemet er lagt til rette for slike transportmiddel/ køyretøy.

6. Når det gjeld vegstandard, særleg i distriktsnoreg, må Statens vegvesen arbeide for at vegane blir vedlikehaldne og er trafikksikre. Fylkeseldrerådet er vidare samd i at Statens vegvesen må trappe opp trafikksikringstiltak for eldre over 75 år.

3. Den kulturelle spaserstokken.

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 08.12.2017 følgjande uttale :

”Hordaland fylkeseldreråd ser det som ei gledeleg utvikling at alle 33 kommunar i fylket har søkt om midlar frå tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken i 2016. Dette vitnar om at det er stort behov for kulturelle kvalitetstilbod for eldre i kommunane og at dei arrangement som har vore gjennomførde Den kulturelle spaserstokken i Hordaland for 2016, medan kommunane samla søkte om nær 4,9 mill. kroner. Behovet er med andre ord aukande. Fylkeseldrerådet har i sin handlingsplan for dei neste tre åra sett som mål å arbeida for at Staten aukar tilskotsramma for Den kulturelle spaserstokken. Rådet ber difor om at Fylkestinget og fylkesadministrasjonen følgjer dette opp i sitt arbeid og dialog med sentrale styresmakter for dei komande budsjettåra.”

Oppsummering

Fylkeseldrerådet er opptatt av å kunna vera ein nyttig samarbeidspartnar for fylkeskommunen i høve til dei eldre. Det er difor viktig at rådet på eit så tidleg tidspunkt som mogleg får kjennskap til dei ulike sakene som det vert arbeid med i fylkeskommunen og som vedkjem eldre, slik at rådet kan få gjeve innspel i tide Det vert difor lagt vekt på at sakshandsamarar og andre sentrale personar med jamne mellomrom får møta rådet. Rådet er også medvete om at det kan ta opp saker på eiga hand.

Fylkeseldrerådet har i 2016 særleg arbeidt med å utarbeida ein handlingsplan for rådet. Dette arbeidet vart fullført på slutten av året, slik at planen kunne bli vedtatt på fyrste møte i 2017.

Fylkeseldrerådet har sitt eige budsjett, noko som gjer det mogleg for rådet å samhandla med dei kommunale eldreråda og andre fylkeseldreråd.

I slutten av året blei det også klart kven i fylkeseldrerådet som skal vera representantar og vararepresentantar i helseføretaka for perioden 2017-2019.

Bergen den

For fylkeseldrerådet

Kåre Ystanes
Leiar

PS 14/17 Ymse